

# Landskapsanalyse Halsnøyområdet Kvinnherad kommune



Morten Clemetsen

<p><b>Tittel:</b></p> <p>Landskapsanalyse Halsnøyområdet</p>	<p><b>Rapportnr:</b></p> <p>Aurland Naturverkstad Rapport 3/2004</p>
<p><b>Forfatter:</b></p> <p>Morten Clemetsen</p>	<p><b>Oppdragsgjevar:</b></p> <p>Kvinnherad kommune 5470 Rosendal</p>
<p><b>Referanse:</b></p> <p>Clemetsen M. 2004. Landskapsanalyse Halsnøyområdet. <i>Aurland Naturverkstad Rapport 3/2004</i>. 34 sider.</p>	<p><b>Dato:</b></p> <p>12. mai 2004</p>
<p><b>Referat:</b></p> <p>Det er gjennomført overordna landskapskartlegging av Halsnøyområdet som grunnlag for utarbeiding av kommunedelplan for dette øysamfunnet. Kartlegginga er utdjupa med analyse av landskapsbilete, visuelt sårbare landskapsområde, område med stor opplevingsverdi og som er viktige for friluftsliv rekreasjon og reiseliv.</p> <p>Halsnøyområdet er topografisk og landskapsmessig variert og samansett. Skildringar og vidare analyser er difor føreteke på bakgrunn av inndeling i utgreiingsområdet i 6 overordna landskapsområde og 71 einskaplege delområde.</p> <p>Avgrensing av visuelt sårbare område, heilskaplege kulturmiljø og viktige område for rekreasjon og reiseliv er vist på egne kart.</p>	
<p><b>Framsidediagram:</b></p> <p>Fjelbergsundet med Fjelbergøy til høgre og Borgundøy til venstre. Foto: Anbjørn Høivik, Kvinnherad kommune.</p>	
<p><b>Emneord:</b></p> <p>Landskapsanalyse Landskapskartlegging i strandsoner Landskapsbilete Halsnøy Kvinnherad kommune</p>	
<p><b>Produsert av:</b></p> <p>Aurland Naturverkstad BA Postboks 27 5741 Aurland Tlf. 57 63 36 29, Fax: 57 63 35 16 e-post: <a href="mailto:kontorpost@aurland-naturverkstad.no">kontorpost@aurland-naturverkstad.no</a> <a href="http://www.aurland-naturverkstad.no">www.aurland-naturverkstad.no</a></p>	

## **Føreord.**

I samband med utarbeiding av kommunedelplan for Halsnøyområdet i Kvinnherad kommune, er det gjennomført kartlegging og analyse av landskapstilhøva i dette øysamfunnet.

Kontaktperson i Kvinnherad kommune har vore førstekonsulent Anbjørn Høivik ved plankontoret. Han har og teke alle skråfoto som er nytta i rapporten, dersom ikkje anna er nemnt i biletteksten.

Digitalt kartarbeid er utført av Siri W. Bøthun og Sheikh Mahmood Hossain.

Aurland 12. mai 2004

Morten Clemetsen  
Landskapsarkitekt MNLA

# Innhald.

Føreord.	Side:
<b>1. Innleiing</b>	5
1.1. Bakgrunn og problemstilling	5
1.2. Målsetjing	5
<b>2. Metodegrunnlag</b>	5
2.1. Landskapsbilete som faktor i arealplanlegging og forvaltning.	5
2.2. Fagleg metodikk	6
2.2.1. Kriteria for romleg – visuell landskapsanalyse	
2.2.2. Skala og romverknad	
2.2.3. Overordna landskapsområde	
2.2.4. Inndeling i einskapelege delområde.	
2.3. Innsamling av data	8
<b>3. Overordna omtale av Halsnøyområdet</b>	9
3.1. Lokalisering og generell omtale	9
3.2. Landskapsklassifisering.	9
3.3. Karakteristiske hovudområde.	10
3.3.1. Eidsvik - Sæbøvik	
3.3.2. Fjelland - Ådnavik - Sydnes	
3.3.3. Høylandsbygd	
3.3.4. Fjelbergøy	
3.3.5. Borgundnuten	
3.3.6. Borgundøy aust.	
3.4. Installasjonar og næringsaktivitet i sjø	15
<b>4. Omtale av einskapelege delområde</b>	16
4.1. Kvifor inndeling i einskapelege delområde?	16
4.2. Presentasjon av 71 delområde.	16
<b>5. Oppsummering</b>	27
5.1. Samanstilling av områdekategoriar vurdert ut frå dominerande trekk i naturmiljø og arealbruk	
5.2. Visuelt sårbare landskapsområde	29
5.3. Heilskapelege kulturlandskap og kulturmiljø av særskild verdi og utviklingspotensial.	30
5.4. Viktige område for reiselivet (rekreasjon, friluftsliv og landskapsoppleving)	32

Kjelder.

# 1. Innleiing

## 1.1. Bakgrunn og problemstilling

Kvinnherad kommune skal utarbeide kommunedelplan for Halsnøyområdet i 2004. Som grunnlag for fastsetjing av rammer for arealbruk i planen, skal det mellom anna gjennomførast landskapskartlegging /landskapsanalyse av området.

Ei landskapsanalyse vil innehalde ei skildring av planområdet med karakteristikk av landskapets fysiske utforming, særskilde natur- og kulturverdiar og opplevingsverdi knytt til landskapsbiletet. Ei slik utgreiing kan vere ein viktig reiskap til å sikre og vidareutvikle eit variert og opplevingsrikt landskap som både lokalsamfunnet, hyttefolk og turistar vil finne attraktivt. Landskapskartlegging og analysar vil og sjølvstilt vere viktige reiskap for å legge premisser for utbyggingsføre mål, disponering av naturressursar, lokalisering og utforming av tiltak.

## 1.2. Målsetjing

- Det skal gjennomførast ei landskapskartlegging av Halsnøyområdet basert på NIJOS si registrering av landskapstypar i strandområda.
- Kartlegginga skal peike ut visuelt sårbare landskapsområde og område som er viktige for reiselivet.

# 2. Metodegrunnlag

## 2.1. Landskapsbiletet som faktor i arealplanlegging og forvaltning.

Landskapet vert definert som dei samla fysiske omgjevnadene som omsluttar oss under open himmel (Bruun 1996). Landskapet er samansett av ei rekkje fysiske komponentar forma av naturprosessar og av menneskeleg inngrep og aktivitet. Landskapet rommar difor både natur og kultur. Ofte er dette vevd i kvarandre på ein måte som gjer det vanskeleg (og kan hende lite føremålstenleg) å skilja dei frå kvarandre. Kulturdelen av landskapet inneheld ei historisk djupne når det gjeld busetnad, bruksmåtar og omforming av natur til kulturlandskap.

Med basis i ei brei landskapsforståing vil analyse av landskapet omfatte både naturskildringar og skildring av kulturelle faktorar som historisk utvikling, arealbruk, kulturminne, byggeskikk, bygningar, infrastruktur osv. (Bruun 1996).

Landskapets verdi vil i stor grad og vere knytt til opplevinga av det, både som fysisk landskap og som kulturelt landskap. Omgrepet *landskapsbiletet* vert ofte nytta om det landskap ein ser og sansar og gjennom det ein umiddelbart opplever (Bruun 1996), men den kulturelle forståinga av landskapet er og viktig. Ikkje minst den historiske dimensjonen – korleis har folk levd og utnytta

landskapet gjennom tidene og korleis har dette vore med å forme vår tids landskapsuttrykk. Landskapsbiletet omfattar og estetiske kvalitetar, men det kan vere rettare å nytte omgrep som *landskapskarakter* eller *identitet* for ikkje å snevre det inn til ein diskusjon om "stygt og pent".

For å kunne skildre landskapsbiletet på ein utfyllande måte, er det i dei neste avsnitta gjort greie for dei metodiske framgangsmåtane som er nytta. Arbeidsopplegget bygger i stor grad på metodikk utvikla ved Institutt for landskapsplanlegging (Bruun 1983, Nordisk Ministerråd 1987) og Norsk Institutt for Jord- og Skogkartlegging (Elgersmaa 1996, Elgersmaa og Asheim 1998).

## **2.2. Fagleg metodikk**

### **2.2.1. Kriteria for romleg visuell landskapsanalyse**

Halsnøyområdet er landskapsmessig variert og med til dels store kontrastar over korte avstandar. Desse variasjonane er ein viktig føresetnad for opplevingsrikdomen i området. For å kunne skildre landskapsbilete og opplevingsverdiar på ein systematisk måte, er heile utgreiingsområdet delt inn i eit utval *overordna landskapsområde* og *einskaplege delområde*.

Slik strukturering og inndeling av utgreiingsområdet er nødvendig for å kunne gje ein presis omtale av landskapet og dei ulike faktorane som påverkar landskapsbiletet og opplevinga av det. Den landskapsmessige organiseringa som er nytta i rapporten vil kunne nyttast som grunnlag for vidare utarbeiding av kommunedelplan.

NIJOS har delt strandsonene inn i ulike landskapstypar. Desse landskapstypane vil i mange tilfelle ha felles trekk med inndeling i delområde. Men det er viktig å merke seg at inndeling i delområde ikkje nødvendigvis representerar eit skilje i arealbruk, men kan vere basert på romlege avgrensingar.

### **2.2.2 Skala og romverknad**

Omgrepet skala har med målestokken i landskapet å gjere. Terrengform, omfanget av ulike element i landskapet og innhald av detaljar vil påverke oppfattingar av skalatilhøve. Eit landskapsområde med terrengformar som gjev lange utsyn med få eller jamt vekslende overgangar, vil oppfattast som *storskala*. Eit område med mange overgangar mellom vertikale og horisontale former som tildømes eit kupert, kollete landskap, vil vere meir *småskala*. Skala vil og i stor grad påverke romverknaden i landskapet.

Romverknaden i eit landskap vil kunne oppfattast og skildrast på ulike nivå. Eit overordna landskapsrom vil kunne delast inn i mindre rom osb. Særskilt vil dette vere tilfelle i meir småskala landskap. Romma på dei forskjellige nivåa kan og vere vanskeleg å definere eksakt. Opplevinga er dynamisk, etter som ein rører seg gjennom landskapet. Romma vil gli over i kvarandre og danne meir diffuse overgangssoner.

### **2.2.3. Overordna landskapsområde. Målestokkgrunnlag 1:50000**

For å kunne gje ein oversiktleg karakteristikk av utgreiingsområdet er det føreteke i inndeling i seks overordna landskapsområde.

Kvart område er består av eit sett landskapskomponentar og visuelt uttrykk som til saman dannar ein overordna landskapskarakter.

Omtalen er basert på fylgjande tema:

- **Lokalisering, skala og landformer.**
- **Naturmiljø** med dominerande trekk i geologi og vegetasjon, vatn og vassdrag.
- **Arealbruk** med vekt på fysiske tiltak og inngrep knytt til busetnad, næringsliv, samferdsle, landbruksdrift, friluftsliv, etc.
- **Kulturhistorie** med viktige fysiske spor og minne etter tidlegare busetnad, ferdsle, ressursutnytting, sosialt og religiøst liv.
- **Landskapsbilete** slik området framstår i dag med særpreg, variasjon og heilskap. Hovudvekt er lagt på visuelle tilhøve. I kva grad landskapet er prega av menneskeleg bruk, vil vere med å bestemme landskapskarakter.

Overordna landskapsområde (og landskapstypar i strandsonene) er skildra i kapittel 3.

#### 2.2.4. Inndeling i einskaplege delområde. Målestokkgrunnlag 1: 5000.

I samband med skildring av landskapet i utgreiingsområdet som opplevings- og rekreasjonsressurs, vil det vere tenleg å dele inn hovudområda i einskaplege delområde.

Delområda tek utgangspunkt i ei romleg avgrensing og fungerer på eit landskapsmessig skalanivå som samsvarer med landskapsformer og arealstorleik som folk orienterar seg etter og opplever når dei ferdist gjennom landskapet. Grunnlaget for å arbeide med einskaplege delområde i landskaps-samanheng er metodisk basert på Oterholm og Feste (1973).

Saman med romleg avgrensing vil skala / topografi, hovudtrekk i naturmiljøet og arealbruk vere viktige kriterier for avgrensing av einskaplege delområde. Det er i alt skildra 71 delområde.

Alle delområda har ein indre samanheng, ein framtrèdande landskapskarakter som er mogleg å identifisere og skildre. I mange tilfelle vil det ut frå skalaforhold og topografi ikkje vere mogleg å få overblikk over heile rommet medan ein er ute i terrenget. Ein vil likevel kunne oppfatte og forstå overgangar når ein rører seg frå eit rom, eller einskapleg delområde, til ein anna. Nokre stader er overgangane tydeleg markert i landskapet, t.d. ved område 41.

Vurderingane av delområda sin landskapskarakter bygger på fylgjande kriterier:

- **Heilskap eller samsvar.** Dette vil vere eit samlande uttrykk for i kva grad dei ulike landskapskomponentane dannar ein harmonisk samanheng. Dette omfattar og kontinuitet over tid i bruk av landskapet.
- **Variasjon eller mangfald.** Uttrykker omfanget av element og uttrykk i landskapsbiletet. Stor variasjon vil vere opplevingsmessig positivt dersom dei vert oppfatta å ha ein indre samanheng, ein visuell og økologisk orden.
- **Intensitet eller inntrykksstyrke.** Kontrastverknader i landskapet, einskilde natur- eller kulturelement som utmerkar seg på ein positiv måte. Særskilde klimatiske tilhøve vil og kunne gje stor inntrykksstyrke.
- **Urørtheit.** Oppleving av stille, ro og urørt natur vil ha ein viktig funksjon i eit landskap.

Einskaplege delområde er skildra i kapittel 4.

### **2.3. Innsamling av data.**

Hovudmålet med prosjektet er å gjennomføre ei landskapskartlegging med vekt på visuelle forhold. Skildringar og vurderingar i denne rapporten er difor i hovudsak basert på synfaringar og visuelle observasjonar.

Området vart synfart i perioden 24. -26. februar 2004. Synfaringane er i hovudsak føreteke med bruk av bil og båt. Vurderingane som er føreteke på bakgrunn av egne visuelle registreringar, er supplert med skråfotoseriar tekne frå fly om sommaren. Biletseriane dekker det meste av strandsonene i vurderingsområdet.

Vurdering av områdegrenser og delområde er gjort med støtte i kart M-711, målestokk 1:50000, kartblad 1214 III og 1214 IV. Vidare er det nytta kartunderlag i målestokk 1:5000 med fordeling av skogvegetasjon, jordbruksmark, busetnad, vegar og anna infrastruktur.

Andre relevante opplysningar er henta frå kartbasar (landskapskartlegging, geologi, faste kulturminne), bygdebok, landbruksplan for Kvinnherad kommune og utgreiing om kommunedelplan for Halsnøy-området.



## 3. Overordna omtale av Halsnøyområdet

### **3.1. Lokalisering og generell omtale.**

Halsnøyområdet ligg i det ytre fjordbassenget ved inngangen til Hardangerfjorden. Øyane er visuelle blikkfang for folk som bur i dette området. Det er større busetnadkonsentrasjonar i Leirvik på Stord, Husnes – Sunde –Valenområdet i Kvinnherad og Skånevik i Etne. Øysamfunnet høyrer til Kvinnherad kommune. Busetnaden er lokalisert på dei tre største øyene Halsnøy, Borgundøy og Fjelbergøy. Det er omlag 2100 innbyggjarar i området. Sæbøvik er handels- og tenestesenter i området.

Landbruket omfattar ca 50 bruk i aktiv drift. Av dei er 30 mjølkeprodusentar, høvesvis jamt fordelt mellom dei tre øyane. I tillegg er det noko vinterfora sau. Skogbruket omfattar 25000 da produktiv skog. Øyene vert trafikkert med ferje og hurtigbåtar mellom Leirvik/Skjersholmane og Sunde. Fjordbassenget er og eit attraktivt område for fritidsbåtar. Cruiseskip på veg inn Hardangerfjorden passerar og forbi.


### **3.2. Landskapsklassifisering.**

#### **3.2.1. Landskapsregion.**

I fylgje NIJOS sin nasjonale klassifiseringssystem for landskap, høyrer Halsnøyområdet til landskapsregion 22, Midtre bygder på Vestlandet (Elgersmaa og Asheim 1998). Denne regionen dekker i hovudsak landskapsområda mellom fjordmunningane og fjellregionen. I Hordaland er geologien i regionen mykje dominert av skyvedekke og kambrosilur. Dette gjev generelt gode dyrkingstilhøve og ein finn rike jordbruksområde. Skogreising med planting av gran har stort omfang i ein del område, mellom anna i ytre Hardanger. Busetnaden har lang kontinuitet og ein finn mange spor etter fornminne og spor etter drifts – og dyrkingsformer frå mange epokar gjennom historia.

#### **3.2.2. Landskapstypar i strandsona**

NIJOS har og på oppdrag frå Hordaland Fylkeskommune føreteke ei klassifisering av strandsonene i fylket. For Halsnøyområdet sin del er fire soner representert; "Kil- og smalsundlandskap" i Fjelbergsundet, "Småfjord- og storsundlandskap" i Sydnessundet, "Middels brede fjordløp" i Høylandssundet og "Brede fjordløp og fjordmøter" i området elles (sjå figur 1).



Figur 1: Kart landskapstypar i strandsona utarbeidd av NIJOS. Henta frå Hordaland Fylkeskommune sin heimeside. Kartet er førebels berre tilgjengeleg i skjermversjon.


### 3.3. Karakteristiske hovudområde.

For å gje ei utfyllande skildring av samanhengane mellom dei ulike landskapsområda som det er gjort greie for i kapittel 4, er det funne tenleg å dele planområdet inn i 6 karakteristiske hovudområde. Halsnøyområdet er ikkje stort i utstrekning, men både landskapsformar, naturgrunnlag og arealbruk gjer at ein opplever stor variasjonsriksdom. Det er heller ikkje ein dominerande landskapstype eller terrengformasjon som kan representere heile utgreiingsområdet.

#### 3.3.1. Eidsvik - Sæbøvik

##### Lokalisering og omtale:

Det nordvestre landskapsområdet vert avgrensa av Landåsen. Det er samansett av fleire ulike områdetypar og har ingen tydeleg hovudretning. Eit karakteristisk trekk ved området er den samanhengande moreneryggen som strekkjer seg frå Brattåsen i vest til Fjelland. Morenen er danna ved avsmelting under siste istid og er eit uvanleg døme på dette i Hordaland. Den overordna forma kan minne om ein stor open U der Eidsvika trengjer seg inn mot den tunne moreneryggen som skiljar mot Klosterfjorden. To markerte åsryggar, Brattåsen og Toftåsen dannar ei fast avgrensing i aust - vestleg retning. Landskapets slake profil og nærleik til det opne fjordbassenget gjer at det framstår som eit storskala landskap.



Figur 2. Inndeling i 6 hovudområde.

#### *Naturmiljø:*

Geologisk er området vest for Halsnøy kloster bygd opp av vulkansk sandstein og andre sedimentbergartar. Resten av området er dominert av harde grunnfjellsbergartar. Området har ein tydelig todeling når det gjeld naturgrunnlaget. Nordlege område er kupert med mykje fjell, grunnlendt mark og furuskog. Sør for dette er det eit samanhengande band med moreneavsetnader som gjev grunnlag for åkerdrift.

Ei stor mengd mindre øyer og holmar omkransar landskapet.

#### *Arealbruk:*

Hovudtyngda av jordbruksarealet i Halsnøyområdet er knytt til moreneryggen som går som eit samanhengande band frå Halsnøy kloster i vest til Tofte i aust. Ved Eidsvik, Sæbøvik og Tofte har det over tid vore ei fortetting av busetnaden med bustadfelt, handelsfunksjonar og industriverksemder. Hovudvegen slynger seg gjennom landskapet mellom ferjekaien på Ranavika og Sæbøvik. Tre samanhengande naturområde av ein viss storleik er knytt opp til busetnadsområda.

#### *Kulturminne:*

Halsnøy kloster er eit særmerkt og viktig kulturminne av nasjonal verdi. Fleire stader langs dei oppdyrka moreneryggene og på markerte nes langs strendene finn ein ei stor samling gravhaugar. Dei fleste landskapsmessig vend mot sør.

#### *Landskapsbilete og særskilde opplevingsverdiar:*

Den kultiverte og opne ryggen som bind saman Eidsvika og Klosterfjorden er uvanleg og har ein visuell inntrykksstyrke av store dimensjonar. Plasseringa av Eid kyrkje og det parkprega

jordbrukslandskapet med store allètre og velstelte tun og hagar forsterkar verdien av dette kulturlandskapet.

Miljøet kring Halsnøy kloster har noko av same karakter, men i mindre skala. Her er det klosterruinane og historia knytt til dette senteret som gjev området ein særskild verdi. Den visuelle kontakten med sjøen og landskapa kring Halsnøyfjorden, samt dei mange små øyer og holmar som skaper ein ytterlegare variasjonsrikdom gjev området ein tydleg karakter.

### **3.3.2. Fjelland - Ådnavik – Sydnes.**

#### *Lokalisering og omtale:*

Landskapet sør for Landåsen består i hovudsak av eit større og samanhengande skog- og utmarksområde med vekslande topografi. Sydnessåta sin regelmessige kjegleform er lett å kjenne att frå mange vinklar. Småskala landskapskarakter.

#### *Naturmiljø:*

Berggrunnen er todelt. Mellom Ådnavikneset og Sydnes finn ein i hovudsak grunnfjell, medan resten av området består av næringsrik fyllitt, glimmerskifer og andre sedimentbergartar. Området har eit rikt innslag av vatn og myrdrag. Vegetasjonsbiletet er dominert av furuskog, planta granfelt og edellauvskog på gode lokalitetar. Det er og skrinne område med mykje bart fjell i dagen og lyngvegetasjon. Strandlinja er variert med bratte skrentar, svaberg og lune vikar.

#### *Arealbruk:*

Busetnaden er i stor grad konsentrert til nokre område langs vegen til Sydnes, integrert i landbruksområda. Vest for Landåsen er eit større bustadfelt og område for næringsføremål. Det er bygd skogsvegar inn i utmarka for avverking av granplantefelt. Det er skytebane sør for Fjellandsvatnet.

#### *Kulturminne:*

Langs strandsona ved Sydnes er det eit stort omfang av registrerte gravhaugar. Ved Kjøberghaugen skal det vere ein bygdeborg. Ein finn fleire tradisjonsrike naustmiljø, mellom anna i Fjellandsvika og Landavågen. Småbruket Svanevik har bevart sitt tradisjonelle preg og er eit viktig heilskapleg kulturmiljø.

#### *Landskapsbilete og særskilde opplevingsverdiar:*

Utanom Sydnessåta er det få landskapselement som umiddelbart peikar seg ut som særskild inntrykkssterke i landskapet. Den markerte kløfta som skil austlege og vestlege delar av det sentrale naturområdet utgjer eit uvanleg og opplevingsrikt landskapselement. Det urørte landskapet aust for Narravika med fleire fine vikar har stor rekreasjons- og opplevingsverdi. Generelt har kulturlandskapsmiljøa ved Fjelland, Ådnavik og strekninga sørover til Sydnes eit heilskapleg preg. Open kulturmark i bruk er viktig for å få vekslingar i eit landskapsbilete som er dominert av barskog.

### **3.3.3. Høylandsbygd.**

#### *Lokalisering og omtale:*

Det austlege området av Halsnøya vendar seg landskapsmessig mot fastlandet og grendene på andre sida av Høylandsundet. Overordna landskapskarakter er mykje lik område 2. Topografien er jamnare og landskapet kvelvar seg opp mot høgste toppen Ravnakulten (291 moh). Det gjev eit noko meir storkala preg.

#### *Naturmiljø:*

Berggrunner består i hovudsak av næringsrike sedimentbergartar. Det meste av området er dekket av barskog. Ein finn nokre få lommer med lauvskog innimellom. Ein del myrdrag, men lite opne vatn.

#### *Arealbruk:*

Høylandsbygd utgjør eit større samanhengande jordbruksområde. Det er og ein del anna busetnad. Kring Hillestadvågen fin ein tett busetnad og industri. Det er veg langs heile austsida, sør til sundet ved Toftekalven. Ein finn lite skogsveggar i området.

#### *Kulturminne:*

Det er registrert gravhaugar ved Hillestadneset. Småbruket Bjørgjo har i stor grad bevart det tradisjonelle kulturmiljøet med tun og innmark intakt.

#### *Landskapsbilete og særskilde opplevingsverdiar:*

Strandsona sørover frå Høylandsbygd er variert og opplevingsrik med fine veksingar mellom open kulturmark, svaberg og mindre viker. Toftekalven er eit kulturlandskapsmiljø med eit attraktivt parkpreg.

### **3.3.4. Fjelbergøy**

#### *Lokalisering og omtale:*

Fjelbergøy er lokalisert slik at det vert danna tronge sund både mot Borgundøy og Halsnøy. Øya er den minste av dei busette øyane i utgreiingsområdet. Påskåsen er midtpunkt på øya, men vert dominert av den mykje høgare Borgundnuten på naboøya. Småskala landskap.

#### *Naturmiljø:*

Landskapet er i hovudsak dominert av barskog med granplantefelt og furu på skrinne lokalitetar. Nokre myrdrag på flate parti vest på øya. Berggrunnen består av relativt næringsfattig gneis og granitt.

#### *Arealbruk:*

Det sentrale området på øya fin ein ved kai og kyrkje vendt mot Fjelbergsundet. I dette området fin ein og det meste av dyrkamarka og busetnaden. Det er nokre hytter på nordsida. Det er bygd skogsveggar nordover på øya for å ta ut hogstmoden gran. Elles er det eit skjeldyrkings- og eit matfiskanlegg langs strendene.

#### *Kulturminne:*

Kyrkja og prestegarden på Fjelbergøy er kjent som eit viktig kulturminne og representerer eit heilskapleg miljø. Det er registrert samlingar av gravhaugar fleire stader på øya.

#### *Landskapsbilete og særskilde opplevingsverdiar:*

Sund og tronge vikar skaper stor variasjonsrikdom i strandområda kring Fjelbergøy. Både Kvernavika og Grunnvågen er attraktive for friluftsliv og båtfolk. Bygningsmiljø og landskap i Fjelbergsundet har særskild stor opplevingsverdi.

### **3.3.5. Borgundnuten**

#### *Lokalisering og omtale:*

Borgundøy er ikkje stor, men den ruvande Borgundnuten gjer at ein likevel har delt øya inn i to overordna landskapsområde. Nuten stig 462 moh rett opp frå havet og er synleg på lang

avstand. Dette er ein dominerande landskapsform i eit storskala landskapsrom mellom Stord i vest og Etne /Kvinnherad i aust. På vestsida er det busetnad i dag.

*Naturmiljø:*

Vegetasjonsmiljøet er dominert av barskog opp til ca 400 moh. Dei øvste partia er utan skogvegetasjon. Mot vest finn ein bestandar av edellauvskog. Grunna sterkt hellande terreng finn ein lite vatn og myr i området. I dei bratte skrentane mot sjøen i sør er det etablert eit edellauvskogsreservat.

*Arealbruk:*

Det er veg fram til Aksdal på vestsida. Her er det fast busetnad og gardsdrift. I tillegg finn ein nokre hytter i dette området. På nordsida er det bygd skogsvegar for å gje tilkomst til hogstfelt ved Hattanakken.

*Kulturminne:*

Ved Aksneset er det ein gamal plass med eit kulturlandskap med eit rikt innhald av tradisjonelle element som slåtteenger, steinmurar, etc.

*Landskapsbilete og særskilde opplevingsverdiar:*

Borgundnuten sin regelmessige form og høgde gjer han til eit landemerke for heile det ytre fjordområdet. Kontrasten til små vikar og lune strender langs sjøen er slående og gjev grunnlag for allsidige landskapsopplevingar.

### **3.3.6. Borgundøy aust.**

*Lokalisering og omtale:*

Dette området er vendt innover mot Halsnøy og mot Fjelbergsundet. Landskapet er variert og samansett av område med særskilte karakterar. Det er ingen dominerande landskapsform, men Borgundnuten er ein ruvande og samlande bakgrunn for dei ulike områda.

*Naturmiljø:*

Mellom Borgundnuten og det austlege området er det og eit tydeleg skilje i berggrunnen mellom grunnfjell og skyvedekkebergartar (Borgundnuten). Nokre innslag i Sæbøområdet av meir næringsrike sedimentartar. Også her finn ein stor utbreiing av barskog, med innslag av granplantefelt av ulike alder. Kring Karteigåsen er det ein del myrdrag. Vegetasjonsdekket er vekslende, men det finst god dyrkjingsjord på avgrensa plassar.

*Arealbruk:*

Busetnaden i området er konsentrert ved Dalavika i Fjelbergsundet og ved Sæbøvika på motsatt side. Desse områda er bunde saman med veg. Ein sideveg går ut mot Melsneset. Fleire gardar er knytt opp til denne vegen. Ein finn og ein god del sjønære hytter i området. I Dalavika, som er ein tradisjonsrik gjestgjevarstad, er det ferjekai. Eit oppdrettsanlegg er lokalisert på austsida ved Dyrnesklubben.

*Kulturminne:*

Bygningsmiljøet ved Dalavika utpeikar seg som eit kulturhistorisk interessant område. Her har vore gjestgjevar- og handelsstad. I dette området er det og registrert fleire gravhaugar.

*Landskapsbilete og særskilde opplevingsverdiar:*

Dei store variasjonane i landskapsmiljø gjer og at området er rikt på landskapsopplevingar. Veksling mellom kulturmark, gardstun og ein variert og spennande strandsone gjer området til eit attraktivt fritidsområde. Strandområda mot sør er samansett av eit stort tal vikar og djupe vågar og har heilt spesielle kvalitetar for friluftslivet.

### **3.4. Installasjonar og aktivitetar i sjøen.**

Topografien i området med mange øyer og små holmar, lange og sterkt vekslende strandlinjer med mange lune vikar og skjerma plassar, gjer Halsnøyområdet attraktivt for lokalisering av havbruksanlegg og andre installasjonar som krev forankring mot land. Slike anlegg er ein del av eit levande kystsamfunn og bør difor og kunne akseptast i landskapet. Men på same måte som lokalisering og utforming av næringsanlegg på land bør tilpassast og innordnast landskapet, bør ein ta omsyn til landskapsbilete og område med stor rekreasjons- og opplevingsverdi i strandsona ved lokalisering av oppdrettsanlegg og andre installasjonar i sjøen.

Lokalisering av anlegg i sjø vil som regel vere synlege og påverke eit langt større område enn på land, dersom ein tek inn i vurderingane verknader for fritidsbåtlivet. I særskild grad må ein vere varsam med etablering av nye anlegg i og ved innløp til sund, ubygde område med mange småholmar og vikar eigna for bading og fritidsbåtar, samt i nærområda til viktige kulturhistorisk miljø og attraktive kulturlandskap. (Sjå figur 21 og 22).



## 4. Omtale av einskaplege delområde.

### 4.1. Kvifor inndeling i einskaplege delområde?

Hovudintensjonen her er å identifisere område som har eit einskapleg visuelt landskapsuttrykk. Inndelinga er basert på ei vurdering der framtrêdande landskapskarakter er lagt til grunn. Det kan vere arealbruk, naturmiljø, terrengform eller tydeleg romleg avgrensing. Visuelt vurdert vil eit tiltak inne i eit delområde i mange tilfelle lettare kunne tilpassast omgjevnader og ikkje verte skjemma eller dominerande enn om det vert plassert i overgangen mellom to delområde eller landskapstypar. Ved planlegging av tiltak bør ein difor vere merksam på dei overgangssonene som oppstår mellom område av ulik karakter. Kartet som syner inndelinga i delområde kan difor vere retningsgjevande for vurdering av lokalisering av tiltak.

### 4.2. Presentasjon av 71 delområde.

#### 1. Eidsvik - Sæbøvik

1.

Ranavik er hovudkai for ferjesambandet til Sunde og til Skjersholmane. Området er difor i dag ein viktig innfallsport til Halsnøy. Langs vegen er det spreidd busetnad og eit nyare felt med utleigehytter. Vegetasjonen er frodig og karakteristisk for øya; store edellauvtre og rik botnvegetasjon. Nærleik til den skjerna vika mot Halsnøy kloster gjer området sårbart for nye inngrep. Nokre bustader kan innpassast i eksisterande miljø langs vegen.

2.

Den skogkledd Brattåsen består av ein blanding av lauvskog og planta granfelt. Det er bygd skogsvegar inn i området for pleie og uttak av trevirke. Strandsona er i det vesentlege urørt. Saman med åsen (112moh) er dette eit sentralt punkt i fjordsystemet.



Figur 3. Brattåsen med Ungholmen i framgrunnen.

Inngrep i området vil difor lett vere eksponert mot ei mykje nytta ferdslelei. Området bør difor ikkje nyttast til utbygging.

3.

Bustadområdet Haugane ligg som ei avskjerma klynge inn under åsane og avskjerma mot fjorden av storvokst edellauvskog. Vidare bustadbygging vil lett kunne innpassast i området utan visuell påverknad på omgjevnadene.

4.

Området består hovudsak av blandingskog med stort innslag av edellauvtre. Området er verna som edellauvskogsreservat. Strandsona er urørt av inngrep. Området bør vere urørt i framtida, evt. med noko skjøtsel av vegetasjonen for å sikre edellauvskogsmiljøet.


5.

Halsnøy kloster er eit sentralt og særst viktig kulturminne og kulturmiljø på Halsnøy. Plasseringa på ryggen mellom vika i nord og det opne fjordbassenget i sør skaper ei mektig landskapsoppleving. Vest for klosterruinane ligg eit gardstun og heile landskapsrommet er dominert av åker og eng. Denne opne karakteren er viktig å ta vare på. Vegen mellom ferjekaien og Sæbøvik går i ein boge og underordnar seg landskapet på ein god måte. I vika mot nord



# Delområdekart

## Landskapskartlegging Halsnøyområdet



Figur 4. Inndeling i 71 einskaplege delområde.

er det nokre naust, samt eit bustadhus under oppføring. Tiltak og ny utbygging som ikkje er knytt til landbruk bør unngåast.



Figur 5. Halsnøy kloster ligg på den smale moreneryggen med god visuell kontakt mot Halsnøyfjorden.

6.

Dette området består av Svinøya og Lyklesøya og fleire mindre holmar. Eit par hytter er plassert på Store Lyklesøya. Til saman eit viktig og karakteristisk naturområde med mange små vikar og sund med stor verdi for friluftslivet. Området er visuelt sårbart for inngrep og bør sikrast for friluftslivet.

7.

Eidsmarka utgjer eit naturområde med mykje same karakter som område 2, men med ein lågare terrengprofil. I sør og aust grensar det inn mot bustadområde og er soleis viktig som nærrekreasjonsområde. Området består i hovudsak av barskog, med nokre myrdrag innimellom.

8.

Terrengryggen som avgrensar mot Halsnøy kloster er ein særskild viktig landskapsform. Samstundes finn ein her eldre busetnad, storvokste allètre inn mot folkehøgskulen som er eit veletablert og fint plassert tunmiljø. Vika mot sør, nedanfor vegen har ein regelmessig og fin utforming og er nytta som badeplass for bustadområdet i overkant av vegen og andre i nærleiken. Noko fortetting i bustadområdet kan tolast, men ein bør unngå utbygging i dei landskapsmessig viktige forankringspunkta vest og aust for badestranda.

Eventuelle tiltak knytt til vegen bør skje med omsyn til å bevare badestranda og landskapsformene i vika.

9.

Dette strandområdet er samansett både landskapsmessig og i høve arealbruk. Sætersneset og dei små holmane utanfor er i stor grad urørt og viktige landskapselement tydeleg eksponert mot det opne fjordbassenget. Nord for Breidvika er det eit mindre bustadfelt helt ned mot sjøen. Ein bør sikre tilkomst langs stranda og unngå vidare utbygging heilt ned til sjøen. Bustadfeltet aust for Sætersneset er fint plassert og er ikkje dominerande i landskapet.



Figur 6. Sætersneset med Breidvika og Sandvika mot nord.

10.

Fluholmene er små, men er likevel visuelt viktige som blikkfang frå Sandvika.

11.

Hille er ei markert lita øy midtvegs mellom Halsnøy og Stord og har soleis ein samanbindande funksjon reint landskapsmessig. Øya har ein sentral verdi som rekreasjonsområde for båtfolket i fjorden. Dei to små holmane nord for Hille er verna som naturreservat for sjøfugl. Her vil det vere ferdslerestriksjonar i delar av året.

12.

Det samanhengande og tydelege landskapsdraget ved Sætre er dominert av landbruk og gardsbusetnad. I nordaust er det ein mindre gruppe bustadhus. Området grensar opp mot hovudvegen på ryggen mellom Eidsvik og Sæbøvik. Landbruksområda understrekar

den særeigne terrengforma og er viktig for landskapskarakteren i området.

13.

Busetnaden ved Eidsvik er orientert frå vest og sør mot Eidsvika. I nordre del av området er det eit nyare utbygd bustadfelt, medan resten av området har meir karakter av blanding mellom bustader og jordbruksareal. Strandlinja har i stor grad bevart eit tradisjonelt preg med naustbygningar. Viktige fellesfunksjonar med butikk og bensinstasjon langs hovudvegen. Landskapsmessig vil det kunne ligge til rette for ei fortetting for bustadbygging og vidare tilrettelegging for naust og utleigeeiningar langs sjøen.

14.

Eid kyrkje er det sentrale midtpunktet langs den opne og markerte landskapsryggen mellom Eidsvika og Klosterfjorden. Området er dominert av landbruk og gardsbusetnad. Det er og noko eldre villabusetnad med store hagar. Hovudvegen slynger seg i dag langs høgderyggen og bind saman Eidsvik og Sæbø. Store allètre og annan vegetasjon er med å skape eit harmonisk miljø med djupe historiske røter. Området er sårbart for nye inngrep. Ved omlegging og utbetring av vegen bør linjeføring tilpassast eksisterande landskap. Ein bør unngå ny bustadbygging i området.



Figur 7. Eid kyrkje som sentralpunkt i det opne landskapet.

15.

Sæbøvik er sentrum på Halsnøy med skule, handel og offentlege tenester. Området har ein tett bygningsstruktur og ei tydleg

hovudgate. Det er god kontakt og tilkomst til brygger og sjø i Sæbøvika.

Ny utbygging bør tilpassast eksisterande miljø i høgde og dimensjonar.

16.

Sjoholmane utgjer eit viktig blikkfang og midtpunkt i Sæbøvika. Holmane er urørte av inngrep og har verdi for friluftslivet. Den nordre holmen er vegetasjonsdekka, medan den søndre har meir snaue svaberg.

17.

Landskapet kring Toftåsen utgjer eit større samanhengande naturprega område. Høgaste punkt er 195 moh. Området er dominert av skog, med ein del planta granfelt. Det er bygd ein mindre skogsveg inn i området, og det har vore uttak ein del tømmervyrke, elles er det urørt av inngrep. Det gjeld også strandsona. Det ligg føre planar om å bygge ny ferjekai nord for Toftåsen. Ein tilførsleveg bør leggjast så lågt i terrenget som mogleg, utan å kome i konflikt med strandsona.

18.

Dei karakteristiske holmane nordaust for Toftåsen er viktige landskapselement og har stor verdi for rekreasjon og friluftsliv. Det er nokre hytter på holmane og eit naturreservat med ferdslerestriksjonar i periodar av året. Ein bør vere restriktiv med nye byggetiltak.

19.

Området ved Tofte er prega av busetnad og industri. Området ligg lunt til og strekninga mellom Toftevågen og Fjellandsvika har eit sterkt og regelmessig landskapsuttrykk. Det skrånande terrenget mellom dei markerte avgrensingane utgjer ein regelmessig boge. Ny utbygging vil kunne tilpassast det eksisterande tettstadmiljøet ved Tofte.

20.

Tofteøya er i hovudsak eit urørt miljø og eit markert landskapselement i bukta som strekker seg ut mellom Toftåsen og Fjelland. Holmen er skogkledd, blanding mellom lauvskog og naturleg furuskog. Det er ei hytte på holmen.





Figur 8. Den lune vika ved Tofte, med Tofteholmen i framgrunnen.

21. Høgdepartiet mellom Sæbøvika og Toftevågen peikar seg ut som eit eige landskapsområde. Det oppfattast som eit platå der landbruksdrift og gardsbusetnad er mest framtrekande element. Det er og noko anna busetnad og eit skuleanlegg i området. Det er god samanheng mellom naturføresetnader og arealbruk og er ein viktig buffer mellom tettstadmiljø i Sæbøvik og Tofte.

22. Området skråar ned mot Sæbøvika og er i hovudsak eit jordbruksområde. Mindre skogkledde knausar og grunnlendte rygger bryt opp dyrkamarka. Fleire små vikar skapar variasjon i strandmiljøet. Området er lett synleg frå Sæbøvik og ein fin landskapsmessig innramming av tettstaden.

23. Vest for vegen forbi Landåsen er det eit landskapsmessig variert område med utstikkande nes mellom lune viker. Opp mot vegen er det eit nyare bustadfelt, medan det lenger ned mot sjøen er avsett til næringsføremål. Sjølv om området strekk seg ut i fjordbassenget, er topografien slik at vidare utbygging visuelt sett lett kan innpassast i landskapet. Sjølve Siranes er likevel eit landskapselement som bør sikrast mot inngrep.

24. Landåsen (210moh) er med sin regelmessige kolleform eit visuelt blikkfang. Det er eit geografisk midtpunkt på Halsnøy og bind dei ulike landskapsområda saman. Området er difor sårbart for større inngrep.

Det er bygd ein mindre skogsveg opp mot toppen og området er mykje nytta som rekreasjonsområde. På vestsida av åsen er det eit massetak og steinbrot.

## 2. Ådnavik - Sydnes

25. Fjelland ligg som eit nedseinka kulturlandskap og jordbruksområde mellom skogkledde åsrygger. Busetnaden er knytt til gardsbruka inst i området. Beitebakkane mellom vegen og sjøen (Fjellandsvika) er framleis opne, men er utsett for gjengroing. Bygningsmiljø og arealbruk er lite påverka av nyare inngrep. Visuelt og opplevingsmessig er dette eit særst attraktivt område med god indre samanheng og klår avgrensing mot omgjevnadene. Naustmiljøet ved sjøen har stor verdi som tradisjonelt kulturmiljø.



Figur 9. Fjellandsvika med den karakteristiske naustrekka.

26. Gravdalsvika ligg som ein enklave omkransa av vegen til Høylandsbygd. Dei opne engflatene gjer at det er stor kontrast til det tronge landskapsrommet omkransa av tett skogvegetasjon og bratte skrentar ned mot sjøen. Slik sett har området stor visuell verdi.

27. Landavågen skjer seg inn i landskapet sør for Landåsen. Vegen til Sydnes passerar forbi, men utan å gripe inn i det særreigne, tronge landskapsrommet på ein skjemmaende måte. Langs vågen er det eit eldre naustmiljø godt tilpassa landskapet. I botn av vågen ar det tidlegare vore eng og

beite, men dette er no i rask gjengroing. Området bør bevarast som eit tradisjonelt kulturmiljø, skjøtsel av vegetasjonen kan vere aktuelt, men viktig å sikre skjerming mot veggen.

28.

Dette området skil seg ut som eit eige lite landskapsrom med Fjellandsvatnet som sentralt element. Området har ingen visuell kontakt til sjøen, sjølv om det ligg nære. Området er viktig for variasjonsrikdomen i landskapet og for opplevinga til dei som ferdast langs veggen.

29.

Høgheia er eit skrint og snautt område med eit vegetasjonsdekke av lyng og spreidd furu, sårbart for slitasje. Mot sjøen er det eit samanhengande parti av glatte svaberg. Området utgjer ein landskapstype som ein ikkje finn elles på Halsnøy med ein så utprega karakter.



Figur 10. Dei karakteristiske svaberga mot sjøen ved Høgheia. (Foto: Morten Clemetsen)

30.

Grunnavågen er ei lita vik gøymd mellom furuskog og svaberg. I området er det bygd fleire utleiehytter. Hyttene er bygd i skogen på oppsida av veggen, noko som gjev ei god landskapsmessig løysing.

31.

Neset nord for Ådnavik er ein markert terrengform som avgrensar Sydnessundet på ein tydeleg måte i nord. Veggen ligg høgt oppe i terrenget. Sona mellom denne og fjorden er bratt og vanskeleg tilgjengeleg. Ved utbetring /utviding av veggen bør ein unngå å fylle ut mot sjøsida.

32.

Ådnavika er ei grend med små gardsbruk i lune, sørvende bakkar opp frå sjøen. Området har eit heilskapleg preg og framstår som eit attraktivt kulturlandskap med stor visuell verdi. Vest for busetnaden på Ådnavik ligg eit mindre område mot sjøen med opne grasbakker og svaberg. Det er ei hytte i området, men vil likevel vere eigneleg som rekreasjonsområde.

33.

Landskapsmessig er det eit samanhengande drag frå Ådnavika til Sydnes med utprega småskala preg med veksling mellom snaue bergryggar, og frodige forseinkingar der det har vore mogleg å dyrke jorda og hauste gras. Mot Sydnes opnar landskapet seg meir og ein kjem over i et flatare parti med meir myrlendt drag. Her er åker- og engareala større og meir samanhengande. Busetnaden i området er blanda med eldre gardsbygningar og nyare bustadhus. På Sydnes ligg ferjekai for samband til Fjelbergøy og Borgundøy. Det er og samband til Ølen og Stord.

34.

Der Sydnessundet snevrar seg mest inn er det eit meir utprega naturområde med mykje edellauvskog. Det er og noko innslag av spreidde grantre og dei øvre partia i området har meir karakter av ope utmarksbeite. Sør i området er ei hytte ved sjøen, elles er området ikkje utbygd. Eksponering mot sundet gjer at det ut frå ei landskapsvurdering ikkje bør skje utbygging i området.

35.

Sydnesøya ligg midt i sundet. Den har ein karakteristisk utforming med bratte skrentar opp frå sjøen rundt mest heile holmen. Sydnesøya er tett utbygd med hytter, utan at dette har vesentleg negativ innverknad på landskapsbilete og opplevingsverdiar i sundet.

36.

I Sydnessundet er det og fleire mindre holmar som til saman dannar eit variert "skjergardsmiljø" og binder saman

Borgundøy, Fjelbergøy og Halsnøy visuelt. Desse holmane er små og difor sårbare i høve tiltak.

37

Strandsona frå Sundes og austover forbi sørspissen av Halsnøy er i stor grad urørt av nyare tiltak. I dette området fin ein heller ikkje bygningar av noko slag. Området Bekkjarvika – Sandvika er tilgjengeleg frå skogsveggar med tilkomst frå Sydnes. Strandsona er attraktiv som rekreasjonsområde med ei rekkje større og mindre sørvende vikar med strender og svaberg.

Furuskogen står tett ned mot strandsona og den markerte og regelmessig kjegleforma Sydnessåta er synleg frå sjøen. Ein finn ei stor mengd gravhaugar i området kring Narravika.



Figur 11: Førekomsten av mange gravhaugar kring Narravika kan ha samanheng med landskapet sitt sterke formmessige uttrykk.

38.

Ved Svanevik er det fast busetnad. Gardstun, naustmiljø, kulturmark og gamle stigar dannar eit heilskapleg, tradisjonelt kulturlandskap som er sjeldan å finne i dag. Det er sti til vegen i Sjoangen, men det er ikkje veg fram til garden.

39.

Vika ved Sjoangen markerer eit tydleg skilje mellom dei austlege og vestlege landskapsområda i den sørlege delen av Halsnøya. Vika ar mange fine landskapskvalitetar og er eit viktig opplevingsområde. Vegen ender ved brygga og det er berre stigar søm førar vidare langs stranda. Området er ikkje prega av nyare hyttebygging i vesentleg grad. Det er sett i

stand eit friluftsområde i botn av vika. Områdets sterke heilskaplege karakter gjer det sårbart for utbygging.



Figur 12. Vika ved Sjoangen i bakgrunnen. Busetnaden i framgrunnen ligg på eit platå lite synleg frå vika.

40.

Området er forma av eit søkk i terrenget, som heng saman med den langsgåande kløfta som deler heile denne delen av Halsnøya i to. I området er fleire mindre gardsbruk som er i drift, samt nokre nyare bustadhus og hytter. Kulturlandskapet er delvis prega av gjengroing.

41.

Dette området utgjer eit eineståande landskapsmiljø på Halsnøy. Det er forma som ei kløft med høge markerte skrentar på kvar side. Gravdalsvatnet er det sentrale midtpunktet i denne kløfta og vegen til Sjoangen smyger seg forbi vestsida av tjernet. Furuskogen omkransar heile området. I området opplever ein å vere langt vekk frå sjø og strender, sjølv om det er snakk om korte avstandar. Det er difor eit viktig bidrag til eit landskapsmessig mangfald på øya. Det er etablert rasteplass med benker langs tjernet.

42.

Dette området utgjer eit større og variert landskapsområde der skogvegetasjon dominerar, vesentleg furu, plata granfelt og område med lauvskog. Det er fleire mindre tjern og ein del myrdrag i området. Terrenget er småkollete, nokre høgare parti er snaue for vegetasjon. Sydnessåta er den mest markerte kollen, godt synleg frå store delar av utgreiingsområdet. Nokre skogsveggar er bygd innover i området. Det er og mindre dyrkingsfelt i vestre delen. At



området er samanhengande utan større vegar og utbygging har stor verdi for dyrelivet og friluftslivsbruk.

### 3. Høylandsbygd

43.

Dette området omfattar industri og bustadareal kring dei ytre delane av Hillestadvågen. Visuelt høyrer og bustadfeltet ved Langaneset og med. Området er i stor grad utbygd og utanom eit lite område ved Langaneset er det lite tilgjengeleg areal for ny utbygging.

44.

Høylandsbygd er eit utprega jordbrukslandskap der det med åra er bygd ein del bustadhus. Området har difor ein blanda karakter, men der opne jordbruksareal framleis er ein hovudkarakter. Denne opne karakteren er det ut frå landskapsomsyn ynskjeleg at skal halde fram.



Figur 13. Frå Høylandsbygd. Eit opne landskape bed blanda busetnad og landbruk. Fine naustmiljø ved sjøen.

45.

Strandlinja frå Høylandsbygd og til sørspissen mot Toftekalven har mange fine kulturlandskapskvalitetar med lune vikar, mindre gardsbruk og naustmiljø. Det er veg heilt sør til neset som gjev tilkomst til nokre hytter i området. Området har stor verdi som kulturlandskap. Mellom vegen og strandlinja bør ein vere sær sarsam med ny utbygging.

46.

Toftekalven er ei lita men sær markert øy med mange fine kulturlandskapskvalitetar.

Det er eit småbruk på øya. Eng og beitebruk gjer at landskap har eit ope parkpreg og attraktivt landskapsbilete.

47.

Hovuddelen av strandlinja mellom Børsdalsvika og Stølsvik består av bratte skrentar og stup, delvis dekkja av barskog. Området verkar lite tilgjengeleg og det er få plassar å kunne kome i land frå båt.

48.

Bjørgjo er eit lite småbruk omkransa av bratt berg og stup mot sjøen. Bygningar og ope innmark får ei forsterka verknad i landskapet og har stor opplevingsverdi.

49.

Det austlege utmarksområdet på Halsnøy består av fleire koller og åsryggar med Ravnakulten i sør som det høgaste punktet (291 moh). Området er utan skogsvegar og andre moderne tiltak. Området er dominert av furuskog.

### 4. Fjelbergøy

50.

Prestegarden på Fjelberg, kyrka, kaien og sjøhusa utgjer eit historisk heilskapleg miljø av stor kulturminnefagleg verdi. Landskapsrommet i Fjelbergsundet har klår avgrensing og er ei visuell sterk innramming av kulturmiljøet.



Figur 14. Fjelbergøy prestegard. Eit heilskapleg kulturmiljø av stor historisk og opplevingsmessig verdi.

Kontakten med kulturlandskap og busetnad kring Dalavika på andre sida av Fjelbergsundet er viktig og ein del av heilskapen. Dette området har sær stor

landskapsmessig verdi. Fjelberg Prestegard er freda og vert teke vare på av Fortidsminneforeninga si avdeling i Bergen. Bygningsmiljøet elles er ein blanding av bustadhus og hytter. Busetnaden er godt tilpassa landskapet.

51.

Kyrkjeholmen ligg ved inngangen til Fjelbergsundet og deler sundet i to tronge laup. Saman med det framstikkande Langaneset vert det nordlege laupet ein portal for ferdsle med småbåtar inn i sundet. Furuskog dominerar på knausane som stig opp frå sjøen. Området er utan vesentlege inngrep i dag og dette naturmiljøet bør sikrast vidare. Dersom det vert realisert planar om brusamband mellom øyene, bør ein leggje vekt på ikkje å blokkere "portalverknaden" .



Figur 15. Kyrkjeholmen midt i sundet mellom Borgundøy og Fjelbergøy. Visuelt sårbart område.

52.

Strandområdet langs den austlege delen av Fjelbergøy mot Sydnnessundet er i stor grad urørt av nyare utbygging og andre tiltak på landsida. I sjøen ved Stegavika er det eit skjelloppdrettsanlegg. Visuelt er eit skjelanlegg mindre dominerande enn eit matfiskanlegg og vil landskapsmessig lettare kunne innpassast i eit område. Det er bygd skogsveg ut på Haganeset og hogd ut eit område med barskog. Det er sett att ei sone med skog mot sjøen, slik at verknaden av veg og hogstflater ikkje er synlege frå båt gjennom sundet. I nordlege del av området er landskapet meit oppbrote med fleire fine viker og småholmar eigna for friluftslivet. Eit skjer utom Brennholmen er verna som sjøfuglreservat.

53.

Denne bukta ligg godt skjerma frå sjøen og er og er ein liten idyll med grunne viker mellom svaberg og skogkledde, låge koller. Inst i bukta har ein kontakt med jordbruksmarka til gardane på Nordhus. Området er mest utan hytter og andre bygningar. Det er bygd ei solid brygge for transportføremål til gardane.

54.

Ved Nordhus ligg fleire gardar, ikkje alle er i drift. Jordbrukslandskapet er ope og det vert dyrka gras. Landskapet er tilbaketrukke og lite synleg frå avstand.

55.

Området Breidvika er eit strandområde med rike veksingar mellom strand, svaberg og små holmar. Det er bygd nokre hytter i området. Det er likevel eit attraktivt område for båtliv.

56.

Den nordvende strandlinja ved Maradalane består i stor grad av svaberg som går bratt ned i sjøen, men og med nokre meir tilgjengelege strender. Furuskogen dominerar i landskapet. Det er bygd skogsveg fram mot området langs nordsida av Påskåsen. Det er etablert eit oppdrettsanlegg på austsida av Nordre Ølvetangen. Området kan i nokon grad tole hyttebygging dersom hyttene vert plassert tilbaketrukke frå sjøen.

57.

Området ved Grunnvågen er ei lita grunn vik delvis skjerma frå den opne Halsnøyfjorden. Området er godt eigna som friluftslivsområde for båtfolk.

58.

Den austlege strandsona inn mot Fjelbergsundet er urørt av inngrep og dominert av blanke svaberg som stig bratt opp på eit lite platå ca 20 m over sjøen. Platået er stadvis myrlendt og elles dekkja av furuskog. Svaberga og dei ytre delane av platået bør haldast mest mogleg fri for inngrep. Eventuelle utbyggingar vil kunne skje lenger inn på platået.

59.



Området frå den tydlege nuten Påskåsen (182 moh) og nord-vestover er eit samanhengande landskap, delvis dekkja av barskog, vesentleg furu. Innimellom finn ei snaue rabbar med lyngvegetasjon, myrdrag og svaberg. Det er bygd skogsveg inn på nordsida av området og det er teke ut noko skog. Området er viktig for friluftslivet.

## 5. Borgundnuten

60. Den nordaustlege strandlinja av Borgundøy vender inn mot innløpet til Fjelbergsundet. Landskapet er her rørt av hyttebygging. Det er ført fram skogsveg til Møllesvika. Denne vika er attraktiv for friluftslivbruk. Ljosneset er eit landskapselement som stikk markert ut i sundet. Det er planta gran i området.

61. På vestsida av Borgundnuten ligg gardsbruka på Aksdal. Eng og beitemark held landskapet oppe, særleg i dei øvre delane av området. Det er bygd veg fram til busetnaden og til kai ved sjøen. Sørøst for kaien er det eit mindre hytteområde. Langs sjøen er det eit stort innslag av tett edellauvskog. Det er generelt mykje lauvskog i området, med mindre felt av planta gran innimellom. Det er bygd veg fram til den gamle husmannsplassen i Askevika. I dette området finn ein eit variert og attraktivt landskap med mange historiske spor etter busetnad og tradisjonell drift. Engene ned mot sjøen er framleis opne og området ber preg av noko husdyrbeiting.




Figur 16. Eit attraktivt og heilskapleg kulturlandskap ved Askevika. Området har vegframføring.

62. Strandlinja frå Svinhagevika til Kvernavika utgjer eit samanhengande variert naturmiljø med langstrakte vikar, små holmar og bratte stup rett ned i fjorden. Eit område frå Kvernavika og vestover er freda som edellauvskogsreservat. Området er generelt sårbart for nye inngrep og bør skjermast mot utbygging.

63. Borgundnuten er høgaste toppen i Halsnøyområdet (462 moh). Nuten er eit godt synleg blikkfang i heile det store landskapsrommet mellom Folgefonnhalvøya, Stord og Haugalandet. Øvste partiet av nuten er snau for skog, medan det er blanding av planta gran og naturleg furuskog i liene mot nord. Mot vest og sør er det innslag av mykje edellauvskog. Skogsdrift vil berre vere aktuelt i dei lågare og flate områda og vil ikkje ha større verknad i landskapsbiletet.

## 6. Borgundøy aust.

64. Sør for Borgundnuten er det eit samanhengande landskapsdrag frå åsryggen mot Vike og ned til Sæbø der landbruk og gardsbusetnad dominerar i landskapsbiletet. Innimellom er det nokre spreidde bustadhus og fritidsbustader. Det opne landskapet er eit verdifullt innslag i landskapet. Landskapet vil likevel ha kapasitet til noko utbygging.



Figur 17. Området Ved Sæbø og Sæbøvika. Eit attraktivt natur- og kulturlandskapsmiljø.

65. Sæbøvika framstår som eit lite hamnemiljø med godt tilpassa busetnad i vifteform opp

frå sjøen. Nyare hytter er plassert inn mellom eldre tradisjonelle bustadhus. Det tette bygningsmiljøet kan utviklast vidare. Ytst ved Sæbøholmane er eit fint område med små holmar og svaberg med mykje sjøfugl.

66.  
Bøvika ligg i Gjerdsvågen. Området har noko spreidd hyttebygging. Landskapsmessig er dette området godt eigna til fritidsbusetnad.

67.  
Langs tungen som strekk seg frå opp under Borgundnuten og ut til Melsneset ligg fleire gardsbruk. Dette landbruksområdet er lite synleg frå austsida av tungen, men er i større grad eksponert mot Gjerdsvågen.

68.  
Området Mjåneset og Melsneset har sær store landskapskvalitetar. Her finn ein djupe, lune vikar med attraktive plasser for båtfolk. Små holmar, svaberg og frodig vegetasjon skaper variasjonsrikt område. Heile dette området er sårbart for nye inngrep. Delar av det er regulert til friområde.



Figur 18. Bjøllebøvågen er eit skjerna rekreasjonsområde. Busetnaden til høgre er i liten grad eksponert mot vågen.

69.  
Aust for gardsbruka i område 67, mellom Hammarslandvågen og Melsneset er det mykje aktivitet knytt til sjø og strandlinje. Fleire gardsbruk har naustplassar her og det er bygd ein del hytter nær sjøen i området. Eit oppdrettsanlegg ligg rett nord for Dyrnesklubben. Landskapsmessig vil området ha kapasitet til ytterlegare noko hyttebygging.

70.  
Kring Karteigåsen (123 moh) er det eit mindre, men samanhengande naturområde utan vesentleg utbygging. Ein skogsveg fører inn i området. Vegetasjonen er dominert av furu, med noko planta gran.

71.  
Landskapet kring Dalavika har eit heilskapleg preg og er godt tilpassa dei naturlege landskapsformene. Vika har god hamn og har lange tradisjonar som handelsstad. Busetnaden ber preg av at staden har vore ein viktig handelsstad i tidlegare tider. Mange av dei eldre husa er haldne godt vedlike, noko som styrker inntrykket av eit viktig kulturmiljø. Busetnaden er omkransa av gardar med ope kulturmark. Mot Kyrkjeholmen ligg eit mindre gardsbruk med grasbakker ned mot Sydnessundet. Tunet på garden er restaurert og fleire bygningar er flytta inn i tunet i seinare tid. Ferjeleia går i det tronge sundet vest for Kyrkjeholmen. Her er landskapet sårbart og ein må ha ei særskild merksemd på landskapsbiletet ved eventuelle byggetiltak.



Figur 19. Dalavika med den gamle handelsstaden omgjeve av velskjøtta jordbrukslandskap.

## 5. Oppsummering og tilrådingar.

### **5.1. Samanstilling av områdekategoriar vurdert ut frå dominerande trekk i naturmiljø og arealbruk**

Med bakgrunn i skildringane i kapittel 4, kan dei 71 delområda samlast i 7 ulike arealkategoriar. Oversikten syner samanheng og fordeling av arealbruk slik det framstår i dag. Inndelinga vil kunne vere retningsgjevande for utviklingsmål og omsyn som bør takast i arealforvaltinga av Halsnøyområdet. Sjå figur 20.

#### **A. Busetnad, industri, transport etc.**

Område der ny utbygging i hovudsak ikkje vil kome i konflikt med eksisterande arealbruk og landskapskarakter. Særskilde omsyn bør likevel takast i strandsonene.

#### **B. Landbruk, gardsbusetnad og innmark**

Område som i nokon grad kan tåle spreidd utbygging men der omsynet til open landskapskarakter bør sikrast.

#### **C. Hytteområde**

Område der hytteutbygging er eit vesentleg innslag i strandsona.

#### **D. Kulturmiljø, tradisjonelle kulturlandskap**

Område med særskilde heilskaplege kvalitetar og potensial knytt til allsidig kulturlandskap og tradisjonelle bygningsmiljø.

#### **E. Urørte strandområde**


Område som i hovudsak er utan bygningar og vegtilkomst.

#### **F. Samanhengande naturområde**

Naturområde som er lite påverka av vegar, bygningar etc. Landbruk og skogsdrift og anna utmarksbruk er tilstades, men utan at høvet til rekreasjon og friluftsliv vert hindra.

#### **G. Små øyer og holmar**

Ubygde og tilgjengelege øyer og holmar viktige for landskapsbilete, rekreasjon og friluftsliv



Figur 20. Områdekategoriar, dominerande trekk i naturmiljø og arealbruk.

## 5.2. Visuelt sårbare landskapsområde.

Område som ut frå sin eigenart og særskilde kvalitetar er viktige for landskapsbilete, identitet og opplevingsverdi. Nye tiltak i slike område bør vurderast strengt.

Område som er visuelt tilgjengelege og synlege i omgjevnader som folk ferdast i og har almen tilgang til. Det inneber at område langs ferdsléarar som veg og ferjeleie, eller område som er synlege og har markerte, lett atkjennande trekk i landskapet dominerar. Dei utvalde områda er skildra i kapittel 4. Ein må vere merksam på at det ikkje treng å vere samanfall mellom avgrensing av visuelt sårbare område og delområde. Områda er vist med avgrensing kart i figur 21.


Delområdenr:	Lokalisering
2	Strandsona på nord og vestsida av Brattåsen
4	Edøllauvskogsområdet ved Skarvastein
6	Små øyar og holmar (Lyklesøyane, Svinøy)
7	Strandsona nord og aust for Eidsmarka
10	Fluholmene
11	Hille og holmane omkring.
16	Sjøholmene
17	Strandsona kring Toftåsen
18	Lauvøyene og Kolsøya
20	Tofteøya
29	Svaberga mot sjøen ved Høgheia
31	Mellom sjøen og vegen ved Ådnavikneset.
36	Småholmene i Sydnessundet
37	Strandsona sør-aust for Trollåsen
41	Kløfta ved Gravdalsvatnet
42	Sydnessåta
47	Bratte stup og skrentar mellom Børsdalsvika og Stølsvik.
51/71	Området ved Kyrkjeholmen
52	Strandsona mellom Haganeset og Rossnes
53	Nordhusvågen
57	Grunnavågen
58/60	Vestre innlaup til Fjelbergsundet
62	Området ved Flatholmen
65	Sæbøholmene
68	Bjøllebøvågen - Melsneset
70	Bleikja og vika innafor



### **5.3. Heilskaplege kulturlandskap og kulturmiljø av særskild verdi og utviklingspotensial.**

Gjeld område der den kulturhistorisk djupna framleis er synleg og mogleg å oppleve. I mange tilfelle vil det i slike område vere trong for restaurerings- og skjøtselstiltak. Eventuelle tiltak er ikkje drøfta i denne rapporten. Områda er skildra i kapittel 4. Avgrensing er vist på figur 21.

<b>Delområdenr:</b>	<b>Lokalisering</b>
5	Landskapet kring Halsnøy kloster
9	Sætersneset
14	Eid kyrkje og det opne jordbrukslandskapet omkring
25	Fjellandsvika
27	Landavågen
32	Ådnavika
34	Strandsone og beitemark ved Kuneset
37	Området kring Narravika
38	Området ved Svanevik
39	Området ved Sjoangen
45	Strandsona langs Høylandsundet
46	Toftekalven
48	Bjergjo
50	Området ved Fjelberg kyrkje og prestegard
61	Askevika
71	Vike og kulturlandskapet omkring



Figur 21. Oversikt over: Visuelt sårbare landskapsområde  
Viktige heilskaplege kulturlandskap og kulturmiljø


## **5.4. Viktige område for reiselivet (rekreasjon, friluftsliv og landskapsoppleving)**

Heilskapelege område som har særskilde kvalitetar i samband med rekreasjon, friluftsliv og landskapsoppleving. Sjå figur 22.

Utmarka her generelt stor verdi for friluftslivet og bør takast omsyn til ved utarbeiding av kommunedelplan. I særskild grad er det viktig å sikre god tilkomst til utmarka frå bustadområda

<b>Delområdenr:</b>	<b>Lokalisering</b>
5	Halsnøy kloster og jordbrukslandskapet omkring
6/7	Lyklesøyene /Kyrkjesundet
8	Sandvika (badeplass)
9	Sætersneset
11	Hille
14	Høgderyggen ved Eid kyrkje
18	Lauvøyene
24	Landåsen
37	Området mellom Narravika og Sandvika
39/40/41	Daldraget frå Sjoangen til Gravadalsvatnet
50/71	Fjelbergsundet
53	Nordhusvågen
57	Grunnavågen
61/62	Aksdal og Aksdalholmane
68	Bjøllebøvågen





Figur 22. Oversikt over viktige område for rekreasjon, friluftsliv og landskapsoppleving

## **Kjelder:**

Bruun M. 1983. *Vurdering av landskapskvalitet. Utkast til arbeidsopplegg*. Institutt for landskapsplanlegging, Ås.

Bruun M, 1996 *Landskapsbildet i norsk naturforvaltning*. Institutt for landskapsplanlegging.

Elgersma A. 1996. *Landskapsregioner i Norge, med underregioninndeling. M 1:2000 000*. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging, Ås.

Elgersma A. og V. Asheim 1998. *Landskapsregioner i Norge, landskapsbeskrivelser. Rapport 2/98*. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging, Ås.

Feste J. og A.I. Oterholm 1973. *Landskapskarakter. Vurdering av fattbarhet og estetisk kvalitet i naturlandskapt*. Institutt for Hagekunst, NLH.

Nordisk Ministerråd 1987. *Natur- og kulturlandskapet i arealplanleggingen. Forvaltning av ressurser og verdier*. Miljørapport 1987:3.